

**Bustadbygging er tema på det neste opne møte i Uskedalen utvikling.
Samlinga vert i Gamleskulen onsdag i neste veke kl. 19.**

Alle med bustadfelt og utbyggingsplanar vert inviterte til møte. Dette gjeld bustadfeltet Ospelunden, to område i Halsabrotet, ytre Eik, Eikelandet og i Skårhaug. Dessutan er det husvære for leige og sal i Beinavikjo og på Sanden.

Uskedalen er bygda der folk vil bu. Det er auke i folketalet og ikkje noko anna bygd i Kvinnherad har så mange og varierte butilbod.

Desembermøte, onsdag 5. desember, vil ha fokus på småkraftutbygging. Det er sendt søknad om konsesjonsløyve på tre utbyggingstiltak, Eikeelva, Børsdalselva og Kjærlandselva. Møte vert gjennomført i samarbeid med Sunnhordland Kraftlag.